



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Fellesnemnd Nye Øygarden kommune  
**Stad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje  
**Dato:** 11.03.2019  
**Tid:** 09:00 – 11:30

---

**Medlemer som møtte:**

Marianne Sandahl Bjørøy	Leiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harketstad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

---

**Forfall:**

Svein Petter Bergh	MEDL	SL
--------------------	------	----

---

**Varamedlemer som møtte:**

Elna Nybakk	for Svein Petter Bergh	SL
Ørjan Telle	for Jogeir Sognnæs, sak 14/19	AP

---

**Andre:**

Prosjektrådmann Rune Lid, regionleiar MOT i Hordaland & Sogn og Fjordane – Regina Njåstad Vestrheim, kommunalsjef for organisasjon og digitalisering i Nye Øygarden kommune – Sissel Iren Nesse, informasjonsleiar Vigleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

---

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjørøy

Børge Haugetun

underskrifter

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 11/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 12/19	Referatsaker og orienteringar
RS 1/19	Informasjon til fellesnemnda om status for arbeidet med 'oppgåveutval'
PS 13/19	Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda
PS 14/19	Nye Øygarden kommune - administrativ organisering nivå 1 og 2
PS 15/19	MOT i Nye Øygarden
PS 16/19	Årsmelding for Nye Øygarden kommune 2018

## PS 11/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

### Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:

Innkalling og saksliste vart godkjente utan merknad.

Protokoll frå førre møte, 11.02.2019, vart godkjent med følgjande merknad frå Kari-Anne Landro:

Landro viste til behandling av sak 6/19 «Val av leverandør av renovasjonstenester», punkt 3, der Landro vart valt som Sund sin representant til forhandlingsutvalet. I ettertid har det blitt avklart at Landro, som sit i bedriftsforsamlinga til BIR, vil vere ugild i sak som omhandlar BIR konsern og såleis ikkje kan veljast inn i forhandlingsutvalet. Det same vil gjelde Landro sin vara i bedriftsforsamlinga, Nils Kåre Skoge. Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til at merknaden blir tatt opp igjen for handtering under sak 13/19 «Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda».

### Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

## PS 12/19 Referatsaker og orienteringar

- Orientering om MOT ved Regina Njåstad Vestrheim regionleiar i Hordaland & Sogn og Fjordane.
- Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid:
  - Status årsrekneskap Fjell, Sund og Øygarden 2018
  - Status årsrekneskap Nye Øygarden kommune 2018
  - Prosjektstatus Nye Øygarden kommune

### Referatsaker

- RS 1/19 Informasjon til fellesnemnda om status for arbeidet med Oppgåveutval

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

#### Orientering om MOT ved Regina Njåstad Vestrheim regionleiar i Hordaland & Sogn og Fjordane

Vestrheim viste til MOT-samlingar som føregår i klasserom på ungdomsskulane i dei tre kommunane, og køyrte liknande øvingar for fellesnemnda sine medlemmer. MOT jobbar for å utvikle robuste ungdommar som har eit positivt fokus og tek godt vare på seg sjølv og andre, på innsida. Gjennom øvingar blir elevane meir bevisste på atferd og inkludering.

Statusorientering frå prosjektrådmann Rune Lid vart flytta til sak 14/19 «Nye Øygarden kommune – administrativ organisering nivå 1 og 2».

Referatsaker og orienteringar vart deretter tekne til orientering.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

## **RS 1/19 Informasjon til fellesnemnda om status for arbeidet med 'oppgåveutval'**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Ingrid Marie Toft kom med kommentar om at portal for innbyggjardialog er eit godt forslag, men at det ikkje bør erstatte oppgåveutval. Oppgåveutval vil kunne bygge tillit mellom politikarar og innbyggjarar og bør såleis takast opp igjen som tema i 2020 som vist til i notatet.

Ernst M. Einarsen som sit i utval for politisk styringsstruktur og har vore til stades på erfaringsseminar i regi av departementet, utdjupa ordlyd i notatet om demokrati og oppgåveutval med bakgrunn i erfaringar frå Svelvik kommune.

Referatsaka vart deretter teken til orientering.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Referatsaka vert teken til orientering.

## **PS 13/19 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Vara **Elna Nybakk** la fram følgjande merknad på vegne av Svein Bergh, med referanse til vedtak i fellesnemnda 17.12.2018 sak 73/18 «Val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune»:

*Det vert vist til oppslag i Kommunalrapport 24. januar 2019 der kjem fram at finanstilsynet har sett ned ei arbeidsgruppe for å utgreie forhold kring KLP sin praksis om kursreguleringsfondet.*

*Ei eventuell endring vil vere vesentleg i høve til vurdering av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å avvende arbeidsgruppa sin konklusjon før det vert sendt over saker til de tre kommunestyra. Fellesnemnda ber også om å haldast løpande orientert om utviklinga.*

Fellesnemnda tok merknaden til orientering.

**Kari-Anne Landro** viste til merknad til protokollen frå førre møte, under sak 11/19, og tok opp igjen behovet for å velje ny representant frå Sund kommune til forhandlingsutval i sak 6/19 «Val av leverandør av renovasjonstenester», punkt 3. Landro og Nils Kåre Skoge, som begge er ugilde i saka då dei sit i bedriftsforsamlinga til BIR, gjekk frå møtebordet. Etter ein intern diskusjon kom det framlegg frå Jogeir Sognnæs om at Jørgen Kausland vert valt som Sund sin representant til forhandlingsutvalet, i staden for Kari-Anne Landro. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Jørgen Kausland vert valt som Sund sin representant til forhandlingsutval, jf. punkt 3 i sak 6/19 «Val av leverandør av renovasjonstenester».

## **PS 14/19 Nye Øygarden kommune - administrativ organisering nivå 1 og 2**

### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda tek saka om administrativ organisering til orientering slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen sikre framdrift i det vidare arbeidet med etablering av Nye Øygarden kommune.

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Jogeir Sognnæs er ugild i saka og vara Ørjan Telle tok hans plass ved møtebordet.

Prosjektrådmann Rune Lid gav same informasjon til fellesnemnda om saka som presentert til partssamansett utval 08.03.11, jf. [protokoll i sak 2/19](#). I tillegg informerte Lid om at Anne Erdal er tilsett som ny kommunalsjef for økonomi i Nye Øygarden kommune. Sissel Iren Nesse, ny kommunalsjef for organisasjon og digitalisering i Nye Øygarden kommune, fekk også høve til å presentere seg for fellesnemnda.

Saka vart deretter diskutert. Det vart uttrykt stor takk til prosjektrådmann Rune Lid, overordna styringsgruppe og alle involverte, for arbeidet med organisasjonsstrukturen. Det var også fleire som framheva at organisasjonsstrukturen kan endrast, ved behov, for å lykkast med å levere best mogleg tenester til innbyggjarane. Prosjektrådmannen fekk vidare innspel om å vurdere samansetjinga av barnevernet som sikrar robust og heilskapleg teneste i tråd med høyringsuttale; framleis fokus på «ei dør inn» for brukaren; informasjon ut til innbyggjarane; sikre beredskap i dagleg drift; fokus på enno betre tenester for dei aller svakaste; endre etablering av næringskontakt til «næringsjef»; nærtene- prinsippet må sikrast; framdrift i plassering av tilsette og lokalisering.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik om nytt punkt 1:

1. Fellesnemnda visar til sak i fellesnemnda 18.06.2018, PS 38/18, der det vart gjeve fullmakt til prosjektrådmannen om å bygge opp organisasjonen i høve til dei mål som er gjeve i intensjonsavtalen og andre vedtak i fellesnemnda. Fellesnemnda tek utgreiinga frå prosjektrådmannen til orientering.

Framlegget om nytt punkt 1 vart sett opp mot innstilling punkt 1, og framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

1. Fellesnemnda visar til sak i fellesnemnda 18.06.2018, PS 38/18, der det vart gjeve fullmakt til prosjektrådmannen om å bygge opp organisasjonen i høve til dei mål som er gjeve i intensjonsavtalen og andre vedtak i fellesnemnda. Fellesnemnda tek utgreiinga frå prosjektrådmannen til orientering.
2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen sikre framdrift i det vidare arbeidet med etablering av Nye Øygarden kommune.

### **PS 15/19 MOT i Nye Øygarden**

#### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til tilrådinga frå interimstyret om hovudaktivitetar for MOT arbeidet i Nye Øygarden.
2. Prioritering av aktivitetar vert sett i samanheng med budsjettarbeidet for 2020.

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Nils Kåre Skoge viste til intensjonsavtala punkt 9 der det står at MOT sine mål og grunnverdiar skal vidareførast – ikkje vidareutviklast, som vist til i saksframlegget.

Jogeir Sognnæs peika på innstillinga punkt 1 og 2, og føringar i saksframlegget om organiseringa av MOT-koordinator jf. tilrådinga frå interimstyret punkt 7, med ynskje om atterhald i organiseringa. Sognnæs kom med følgjande framlegg som **tillegg til punkt 2** i innstillinga:

Prosjektrådmannen vil ta stilling til konkret organisering i det vidare arbeidet med organiseringa av nivå 1 og nivå 2.

Framlegget om tillegg til punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Kari-Anne Landro viste til samling med ungdommens kommunestyre / ungdomsråda i regionen der ungdommen ynskde MOT også inn i vidaregåande skule, og kom med følgjande framlegg til **nytt punkt 3**:

Fellesnemnda slutter seg til at dei tre ordførarane tek initiativ overfor Hordaland fylkeskommune / Sotra vidaregåande skule i høve til MOT i vidaregåande opplæring.

Framlegget om nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 1 og punkt 2 vart elles samrøystes vedtekne.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til tilrådinga frå interimstyret om hovudaktivitetar for MOT arbeidet i Nye Øygarden.
2. Prioritering av aktivitetar vert sett i samanheng med budsjettarbeidet for 2020. Prosjektrådmannen vil ta stilling til konkret organisering i det vidare arbeidet med organiseringa av nivå 1 og nivå 2.
3. Fellesnemnda slutter seg til at dei tre ordførarane tek initiativ overfor Hordaland fylkeskommune / Sotra vidaregåande skule i høve til MOT i vidaregåande opplæring.

### **PS 16/19 Årsmelding for Nye Øygarden kommune 2018**

#### **Innstilling:**

Fellesnemnda tek årsmeldinga for Nye Øygarden kommune 2018 til orientering.

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.03.2019:**

Fellesnemnda tek årsmeldinga for Nye Øygarden kommune 2018 til orientering.